



Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005
0030 OSLO

NOU 2013:9 "Politianalysen" – høyringsfråsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til Justis- og beredskapsdepartementet sitt høyringsbrev av 21.06.2013.

I arbeidet med Politianalysen har vi hatt god dialog med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og vi vil her framheve Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si høyringsfråsegn som eit gjennomarbeidd og poengtert innspel til det vidare arbeidet med styrking av politiet. Vi sluttar oss til alle vurderingane og konklusjonane, og vi fremjar derfor ikkje eigne merknader til alle forholda grannen vår i sør har kommentert.

For eigen del vil vi konsentrere fråsegna vår om eitt forhold:

At utvalet tilsynelatande legg til grunn at politiet kan velje organisasjonsstruktur utan omsyn til korleis regional og lokal forvaltning elles er organisert.

Vi saknar både vurderingar av erfaringar frå andre norske forvaltningsorgan sine organisasjonsutviklingsprosessar og vi saknar vurderingar av korleis politiet skal tilpasse seg forvaltninga elles.

I det vidare arbeidet er det viktig at erfaringar frå andre *norske* forvaltningsorgan sine organisasjonsmodellar også blir vurderte. Den tilrådde modellen med seks politidistrikt er til forveksling lik Statens vegvesen sine vegregionar og spesialisthelsetenesta sine regionale helseføretak. Vi er overtydde om at det i desse organisasjonane finst erfaringar, både suksessar og fallgruver, som det er vesentleg å ta med seg før ny organisasjonsstruktur for politiet blir fastsett. Dette gjeld blant anna behovet for underinndeling. I både vegvesenet og spesialisthelsetenesta har regionane i all hovudsak strategiske oppgåver. Operative (og taktiske) oppgåver er lagt til driftsavdelingar og lokale helseføretak med tilnærma fylkesstorleik. I den tilrådde modellen er det føresett at operativ styring av politiet sin innsats skal ivaretaast av regionnivået. Vi er ikkje overtydde om at det i politiet ligg betre til rette for operativ styring av store regionar enn det for eksempel gjer i spesialisthelsetenesta.

Vi legg også til grunn at Justis- og beredskapsdepartementet og regjeringa vil gjennomføre ein breiare analyse av korleis politiet skal samvirke med samfunnet rundt seg og kva konsekvensar ulike organisasjonsmodellar gir for dette samvirket. Vi håpar også at det blir teke ei tydelegare strategisk styring av korleis statsorgan kan organisere seg. Vi saknar klare

kriterium og prinsipp for dette, og i praksis viser det seg at regional stat, sektor-for-sektor har resonnert seg fram til eit samansurium av ulike grensesettingar.

Geografisk arrondering treng ikkje vere eit tungtvegande omsyn for enkeltsektorar, men når kartet over heile beredskaps-Noreg skal teiknast, blir spørsmålet heilt avgjerande. Akkurat no blir det gjennomført fleire utgreiingar og omstillingsprosessar i vesentlege beredskapsetatar: Omorganisering av 110-sentralane, felles naudnummer/ naudmeldesentralar, brannstudien, forsterkingsstudien og politianalysen – blant anna.

I forslaget til nye grenser for 110-sentralane såg vi eit forsøk på å gisse kva grenser politidistrikta ville få, medan politianalysen ikkje vektlegg andre etatar si organisering i det heile. Vi er glade for at forsterkingsstudien (NOU 2013:5) som den til no einaste viser til fylkesgrensene som eit felles utgangspunkt. Gjennom fylkesmannen sin samordningsfunksjon definerer fylkesgrensene einingane for regional samordning av beredskap og krisehandtering, og dersom ein eller fleire etatar vil velje strukturar som bryt med denne inndelinga, ser vi det som eit opplagt minimumskrav at det blir ført argument for at føremonane er større enn ulempene. Det er ikkje gjort i politianalysen.

Vi meiner Justis- og beredskapsdepartementet, som nasjonal samordningsstyresmakt, har eit særskilt ansvar for å sjå til at ulike beredskapsetatar fastset regiongrenser som legg til rette for godt regionalt samvirke. Vi ser det som sjølvsagt at det innanfor enkeltsektorar kan førast argument for andre grenser, men at dette ikkje bør få gjennomslag før det også er dokumentert at føremonene er større enn ulempene avvikande grenser gir for andre aktørar og det regionale samvirket. Dette gjeld sjølvsagt også i det store samfunnsperspektivet, på andre område enn beredskap og krisehandtering – der politiet skal finne sin plass i ei frå før kompleks forvaltning, *i lag* med andre styresmakter.

Med helsing

Lodve Solholm

Ketil Matvik Foldal
Fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.